



SELJORD KOMMUNE TEKNISK AVDELING AVLØP
Mosasida 38
3840 Seljord

Sakshandsamar::
Malen Kårstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Seljord reinseanlegg

Kontrollnummer: 2023.203.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Jonny Lauvstad

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:
Malen Kårstad

Andre deltakarar frå verksemda:
Geir Olav Berge
Geir Even Edvartsen

Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:
Tor Fredrik Holth

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Seljord reinseanlegg den 30. mars 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkja 4 avvik og ga 3 merknadar under inspeksjonen.

Avvik:

- Kommunen har ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk.
- Kommunen har mangelfull internkontroll.
- Kommunen har ikkje levert eigenkontrollrapporten for 2022.
- Reinseanlegget er ikkje dimensjonert for å handtere avlaupsmengdene som kjem inn på anlegget og kommunen tek ikkje representative prøver av avlaupsvatnet.

Merknader:

- Postmottak fordelte i liten grad dokumentar og brev sendt til kommunen.
- Kommunen kan forbetre bruk av avvikssystem og registrering av avvik.
- Kommunen bør måle vassmengda som kan gå i overlaup på reinseanlegget.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

	Malen Kårstad	Siv Hege Wang Grøvo
Dato 02.06.2023	kontrollør	fagsjef
	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SELJORD KOMMUNE TEKNISK AVDELING AVLØP	
Organisasjonsnr.: 988750484	Eigd av: 974641011
Bransjenr. (NACE-kode): 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

Kontrollert eining

Namn: Seljord reinseanlegg	Anleggsnr.: 3820.0010.01
Kommune: Seljord	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 28. november 2005	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i , vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Gjeldande utsleppsløyve
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Seljord reinseanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Seljord reinseanlegg innan **02.10.2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Malen Kårstad.

4. Varsel om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 7. mars 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk må Seljord reinseanlegg betale eit gebyr på kr 37 400,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova) og på norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kommunen har ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk.

Avvik frå:

Utsleppsløyvet 2005.0190.T, vilkår 2

Kommentarar:

Kommunen hadde ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk. Det er naudsynt for kommunen å ha oppdatert oversikt over utbreiinga (areal) og storleiken (pe) til tettbygde strøk. Dette er viktig i høve til kommunen sine oppgåver og plikter på avlaufsfeltet når det

kjem til myndighetshøver og reinsekapasitet, samt for å utrekne verknadsgrad. Det er òg vesentleg for miljørisikovurderingar å kjenne til utbreiinga og storleiken til tettbygde strøk.

Dersom de har spørsmål til dette temaet viser vi til brev sendt ut 02.03.2023 frå Statsforvaltaren med tittel «Ber om oppdatert informasjon om tettbebyggelser og oversikt over avløpsanlegg».

Avvik 2

Kommunen har mangelfull internkontroll.

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6, 7 og 8.
- Utsleppsløyvet vilkår 8.1

Kommentarar:

Etter Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd skal kommunen:

- 6) kartleggja farar og problem og på denne bakgrunnen vurderer risiko, og dessutan utarbeida tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda
- 7) setja i verk rutinar for å avdekkja, retta opp og førebyggja brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks- lovgivinga
- 8) gjennomføre systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikra at han fungerer som føresett.

Dette må dokumenterast skriftleg.

Etter løyvet vilkår 8.1 skal kommunen til ein kvar tid ha oversikt over utsleppstadar frå avlaupsanlegget til aktuelle resipientar. Kommunen skal også ha ein plan for rutinemessig tilsyn som skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem.

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

Miljørisikovurdering og tiltaksplan, nr. 6)

- Kommunen har ein risikovurdering av avlaupsanlegget, men vurderingar knyta til ytre miljø manglar. Kommunen hadde ikkje oversikt over kva resipientar som mottek naudoverlaup frå pumpestasjonar. Samstundes mangla det resipientvurderingar i høvet til resipienten sin miljøtilstand og kva konsekvens overlaup kan ha for dei ulike resipientane. Overlaupspunkta var heller ikkje målt inn i kart. Dette er eit avvik som har vore gjentakande ved tidlegare tilsyn.
- Kommunen kunne ikkje vise til ein tiltaksplan der ROS – analysen ligg til grunn for tiltak. Tiltak skal planleggjast slik at ein reduserer risikohøva identifisert i risikoanalysen. Dette inneber også at han må svara til den til alle tids identifiserte risiko. Hovudplan vatn og avløp 2020 – 2030 vart vedteken av kommunen i 2020, og inneheld kun overordna føringar for avløp i Seljord (til dømes «Rehabilitering leidningsnett»). Kommunen opplyste at dei køyrer kamera, registrerer og rettar feil i leidningsnettet omgåande, og at sjølve arbeidet blir utført systematisk og dokumentert elektronisk, men ikkje basert på ein dokumentert risiko.

Rutiner, nr. 7)

- Kommunen nytter Compilo som internkontrollsystem, men blei ikkje brukt av dei som arbeider med avlaupsområdet. Til dømes var ikkje krav i løyvet kjent for alle på tilsynet. Det mangla også ein rutine for å sikra dette.
- Kommunen utførte vekentlege rundar ved pumpestasjonar, men mangla skriftleg rutine for kva som skal sjekkast, kor ofte, og korleis dette skal utførast.
- Kommunen manglar ein rutine som sørgjer for at krav i forskrifta om fortløpande vurdering av analyseresultat og varsling av overskriding av reinsekrav blir vareteken (§§ 14-13 og 14-14). Kommunen kontrollerer ikkje sjølv resultatata, men opplyser at dette blir vareteke av driftsassistansen.

Gjennomgang, nr. 8)

Kommunen har ingen dokumentert systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikra at han fungerer som føreset. Kommunen må sørgja for at miljørisikoanalysen, tilhøyrande tiltaksplanar og rutinar oppdaterast jamleg og at dette blir dokumentert skriftleg.

Avvik 3

Kommunen har ikkje levert eigenkontrollrapporten for 2022.

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta §11-5.
- Utsleppsløyvet 2005.0190.T, vilkår 11.

Kommentarar:

Kommunen har ikkje levert eigenkontrollrapport for Seljord avløpsanlegg for 2022 til Statsforvaltaren. Kommunen plikter å rapportere naudsynte opplysningar om kapittel 14 avlaupsanlegg og utslepp frå desse til staten. Kommune må sikre dette gjennom ein rutine eller årshjul som kommunen har slik at dei overheld fristen for rapportering kvart år. Dette må også dokumenterast skriftleg.

Avvik 4

Reinseanlegget er ikkje dimensjonert for å handtere avlaupsmengdene som kjem inn på anlegget og kommunen tek ikkje representative prøver av avlaupsvatnet.

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet 2005.0190.T, vilkår 7.1 og vilkår 7.2.
- Forureiningsforskrifta § 14-10 1. ledd og §14-11, 2.ledd.

Kommentarar:

Reinseanlegget skal vere dimensjonert, bygd, drivast og vedlikehalda av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske høve som er normale for staden der det ligg. Ved utforminga av anlegget skal det takast omsyn til variasjonar i mengde avlaupsvatn i

løpet av året. Reinseanlegget skal utformast slik at det kan takast representative prøver av det tilførte avlaupsvatnet og av det reinsa avlaupsvatnet.

Avviket byggjer på følgjande observasjonar:

- Det kom fram av tilsynet at reinseanlegget blei overbelasta då septik blei tilført leidningsnett. Kommunen har avtale med selskapet som tilfører septik på leidningsnett med spesifikasjonar på kor mykje som kan bli tilført utan at det overbelasta reinseanlegget, men dette blei ikkje overhaldt. Kommunen må sikre at tilførsel av septik på reinseanlegget ikkje overbelastar anlegget.
- Septik blei tilført sporadisk og blei dermed ikkje fanga opp av prøvetakingsprogrammet til reinseanlegget. Dette gjorde det vanskeleg å ta representative prøver av avlaupsvatnet. Kommunen må sikre at det kan takast representative prøver av tilført avlaupsvatn til anlegget, og at avlaupsprøvene kan fange opp periodar med septiktilførsel.
- Det kom fram av tilsynet at reinseanlegget var svært overbelasta i perioden Dyrskun blei arrangert. Dette blei også stadfesta i rapporten frå driftsassistansen, samt i Seljord kommune sin hovudplan for vatn og avlaup. Det er kommunen sitt ansvar å sikre at Seljord reinseanlegg er dimensjonert til å ta i mot store avlaupsmengder forårsaka av hendingar som til dømes Dyrskun, som arrangerast årleg.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Postmottak fordelte i liten grad dokumentar og brev sendt til kommunen.

Kommentarar:

Under tilsynet blei det påpeikt at postmottak i liten grad fordelte dokumentar og brev sendt til kommunen. Dette hadde ført til at kommunen sin avlaupsavdelinga ikkje hadde fått tilsendt sentrale brev frå blant anna Statsforvaltaren. Seljord kommune må internt løyse denne problemstillinga slik at viktig brev og dokument kjem fram til riktige instansar.

Merknad 2

Kommunen kan forbetre bruk av avvikssystem og registrering av avvik.

Kommentarar:

Avvikssystemet blei brukt i liten grad av dei tilsette. Kommunen bør forbetre bruken av avvikssystemet sitt, samt bevisstgjere tilsette om kva som er sett på som avvik og registrere dette i systemet.

Merknad 3

Kommunen bør måle vassmengda som kan gå i overlaup på reinseanlegget.

Kommentarar:

Det er ikkje installert vassmengdemålar på overlaup som avlastar reinseanlegget. Det finst eit overlaup før sandfang som kan opnast manuelt. Det finst og eit overlaup frå biot rinn som

går automatisk i drift ved for store vassmengder. Ingen av desse overlaupa har vassmengdemålar. Dette fører til at kommunen ikkje klarar å rapportere kor mykje som går i overlaup på reinseanlegget. Dette har blitt påpeikt ved tidlegare tilsyn frå forureiningsmynda.

8. Andre høver

Seljord kommune informerte om at det er planar om å auke kapasiteten til anlegget og dei ynskjer å starte med dette arbeidet i 2024. Dersom kommunen skal oppgradere reinseanlegget må dei søke om nytt utleppsløyvet. Statsforvaltaren har også moglegheit til å revidere utleppsløyver jf. forureiningsforskrifta §14-16 , og ved ein revidering vil vi stille strengare krav til funksjon ved heile avlaupsanlegget. Til dømes vil truleg ikkje løysinga som kommunen har på reinseanlegget per i dag der ein ikkje målar overlaupet vere akseptabel.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Hovudplan vatn og avløp, Seljord kommune, 2020 - 2030